

Miljøretta helsevern

Dokumentert behov for
auka innsats og framlegg til
løysing

Evalueringsseminar Lofthus 080916

MHV, arbeidsgruppe 8

- Miljøretta helsevern er ei lovpålagt oppgåve heimla i Folkehelseloven, kap. 3
- «Miljørettet helsevern omfatter de faktorer i miljøet som til enhver tid direkte eller indirekte kan ha innvirkning på helsen. Disse omfatter blant annet biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktoren»

Ansvar og oppgåver innan MHV er lagt til kommunen. Kan delegerast etter kommunelova til

- kommuneoverlegen
- Eller interkommunalt selskap

MHV er:

- utøving av mynde
- tilsyn og godkjenning
- råd- og rettleiingsteneste
- samt å bidra til at helseomsyn vert følgd opp i areal- og samfunnsplanlegginga

MHV omfattar(jf WHO):

1. Vassforsyning
2. Avløpsvatn, vassureining
3. Avfall og renovasjon
4. Vektorkontroll
5. Ureining av grunn
6. Næringsmiddelhygiene- mat
7. Luftureining
8. Stråling (radon, solarium) og elektromagnetiske felt
9. Støy
10. Helsetilhøve ved bustader, offentlege bygg og institusjonar (barnehage, skule, frisør/solarium/ hudpleie mm, overnattings- og serveringsstader, institusjonar)
11. Helseaspekt i planlegging
12. Helse i samband med transport
13. Ulykkesførebygging, inkludert beredskap for transport ulykker
14. Offentleg rekreasjon og turisme (campingplassar, svømmebasseng, friluftsbad..)
15. Sanitære tiltak ved epidemiar, katastrofar og liknande
16. Omgjevnadshygiene generelt
17. Sosiale miljøfaktorar
18. Ernæring

- MHV skal vera eit sikkerheitsnett der anna lovverk ikkje regulerer eller anna myndigkeit ikkje har heimel-
- Eit velfungerande MHV sikrar grunnlaget for god folkehelse i kommunane.

Korleis er stoda?

- Odda, Ullensvang og Eidfjord har ein plan for arbeidet, samt tilsett miljøingeniør.
- Jondal, Kvam, Ulvik, Granvin og Voss har ikkje
- Arbeidsgruppe 8 skaffa oversikt over oppgåvene og laga utkast til ein plan

Situasjonsanalyse

For kvart oppgåveområde sjekka vi-

- Aktuelle lover, reglar, rettleiarar m.v.
- Kven som har ansvar for kva, internt i kommunen, statlege organ, andre
- Kort oppsummering av status
- Vurdering, framtidig ressursbehov per kommune og totalt i samarbeidande kommunar

- Kartlegginga viser at det er forbettingspunkt i alle kommunane innan fagfeltet MHV.
- lovkrava om at innsatsen skal vere «forsvarleg, langsiktig og systematisk» er ikke etterlevd godt nok

- Mange skular og barnehagar manglar godkjenning el har ikkje hatt tilsyn dei siste 5 år
- Ingen av kommunane har **tilsynsplan** for spesifikke tilsynsobjekt
- Sentrale aktørar er på etterskot med å halde seg oppdatert på alle lover, forskrifter, rettleiarar mv som finst (=Komm.overlegane)
- Informasjons- og rådgjevingstenesta er mangelfull
- Klage og bekymringsmeldingar vert i all hovudsak følgd opp

Kartlegging av tilsynsobjekt

Vi har funne 228 obligatoriske tilsynsobjekt i dei 5 kommunane.

I tillegg kjem alle andre objekt der det ikkje er krav om obligatorisk tilsyn og kontroll.
Totalt er det langt over 300 potensielle tilsynsobjekt.

Kategori I

- gjeld tilsyn med objekt der lova krev rutinemessige tilsyn og der det ikke vert utført av andre. Må ha tilsynsplan for oppgåveområda
 - 8- Stråling
 - 10 -Helsetilhøve i bustader, offentlege bygg inkl skular og barnehagar
 - 14 -Offentleg rekreasjon og turisme

SUM Tilsynsobjekt - kategori I

Kommune	Tal tilsynsobjekt	Tal dagar kommuneoverlege	Tal dagar Ingeniør	Sum arbeidsdagar
Jondal	10	3,6	4,9	8,5
Kvam	61	18,8	30,4	49,2
Granvin	9	3,6	4,7	8,3
Ulvik	17	4,4	7,4	11,8
Voss	124	30,8	56	86,8
Sum	221	61,2	103,4	164,6

Kategori II

- Område der det ikke er krav om rutinemessige tilsyn-

Men fagpersonell må delta i planarbeid, godkjenningsprosessar, sakshandsaming, følgje opp klage og aktuelle situasjonar

Har kommunane sett av tilstrekkelege ressursar til det?

Tilsynsobjekt, ikkje rutinetilsyn

Sum tilsynsobjekt - kategori II					
Kommune	Tal på objekt	Tal dagar kommunelege	Tal dagar Ingeniør	Sum arbeidsdagar	
Jondal	16	22,5	9	31,5	
Kvam	25	36	18	54	
Granvin	16	22,5	9	31,5	
Ulvik	16	22,5	9	31,5	
Voss	35	51	28	79	
Sum	108	154,5	73	227,5	

Samla ressursbehov, Kommuneoverlege og miljøingeniør:

Kommune	Tal på objekt	Tal dagar kommuneoverlege	Tal dagar ingeniør	Sum totalt
Jondal	26	26,1	13,9	40
Kvam	86	54,8	48,4	103,2
Granvin	25	26,1	13,7	39,8
Ulvik	33	26,9	16,4	43,3
Voss	159	81,8	84	165,8
Sum	329	215,7	176,4	392,1

Kommuneoverlege og miljøingeniør:

- kvar kommuneoverlege treng 1 dag per område per år for å halde seg oppdatert på lover, forskrifter, rettleiarar m.v. I tillegg må det setjast av tid til deltaking på tilsyn, inspeksjonar, sakshandsaming m.v.
- For å få konkret oversyn over ressursbehov må kommuneoverlegane fastlegge ansvarsdeling mellom kommuneoverlege og miljøingeniør på kvart område. Det må definerast kven som skal delta på tilsyn, inspeksjonar m.v. og forventa tidsbruk *

Andre som arbeider i feltet?

- Det er lagt til grunn i prosjektet at teknisk avdeling har ressursar til å følgje opp sitt ansvar der dei har delegerte oppgåver.
Har ikkje spurt dei om det stemmer-
- Folkehelsekoordinator, helsesøster og andre kan verta trekte inn i tilsynsarbeidet? *

Konklusjon i arbeidsgruppa: Lovverket seier tydeleg kva oppgåver kommunen har

- MHV-kompetanse skal inn i arealplanlegging i kommunen og i planlagde prosjekt, m.a ved bygging av nye barnehagar og skular
- Vi skal ha kompetanse i MHV på tilsyns- og kontrolloppgåver
- Systematikk i arbeidet
- Kunnskap om tilsynsmetodikk og forvaltningsrett

Utkast til planframlegg 2016-18

- Handlingsplan med mål og tiltak
- Tilsynsplan jf §30 i Folkehelselova om internkontroll.
- Framlegg om tilsynsfrekvens for kategori I-objekt(årleg på nokre objekt, sjeldnare på andre, Basert på ROS-vurderingar)
- tilsyn ved behov el klage for kategori II

Kan vi få det til??

- Sentralt grep for tilsynsoppgåvene: Tilsetja miljøingeniør 100% på deling mellom kommunane Jondal, Kvam, Ulvik, Granvin og Voss (om lag 26 000 innb)
- Styringsgruppa =Rådmennene sa i møte 250915 nei til ny stilling.

Kva så i 2016?

- Korleis få til kvalitetsforbetring utan meir ressursar og rett fagkompetanse?
- Mykje å læra av andre- men...
- Ny Veileder for Kommunenes tilsyn med MHV(2016) presiserer forventa systematikk



IS-2288

Evalueringsseminar Lofthus 080916


Vegen vidare?



2 alternativ:

- A. Bygga på nettverksmodell, Forum for kommunehelse og samfunnsmedisin-dela kompetanse og gode idéar = krongla oss vidare som før
- B. Oppretta miljøingeniør 1/1 stilling VUGEJ Laga interkommunal avdeling for samfunnsmedisin saman med OUE, totalt 37000 innb. Bruka komunelegane og ingeniørane sin samla kompetanse

Som før



Visjon for framtida

